



Hordaland Barne- og Ungdomsråd  
Postboks 408 Sentrum  
5805 BERGEN

Dato: 26.02.2015  
Vår ref.: 2014/986-18  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.: 2014/986-15

## Tildeling av oppdraget som teknisk arrangør av UKM Hordaland 2015. Orientering.

Vi viser til brev frå Hordaland barne- og ungdomsråd (Hbur), datert 19.01.15, der styret i Hbur ber fylkesrådmannen om tilbakemelding vedrørende saksgang i tildeling av oppdrag som teknisk arrangør for UKM Hordaland 2015.

Med ein samla verdi på 100 000 kroner er anskaffinga av oppdraget som teknisk arrangør av UKM Hordaland under nasjonal terskel. Saka har difor vore handsama etter del I i forskrift til lov om offentlege anskaffingar. Ved dette høvet er det to aktørar som har vore vurdert, Hordaland barne- og ungdomsråd og AKKS Bergen. Etter ei grundig vurdering vart AKKS Bergen valt som teknisk arrangør i fylkesmönstringa av UKM Hordaland i 2015. Fylkesrådmannen har lagt ved eit internt notat om denne vurderinga (Vedlegg 2).

Hbur viser til brev frå Kultur- og idrettsavdelinga (2014/986-13) som vart sendt per e-post 12.01.15. Styret stiller spørsmålsteikn ved at brevet er datert 02.12.14 og meiner difor at konklusjonen for avgjersla om at UKM Hordaland 2015 vil bli arrangert med AKKS Bergen som samarbeidspartner allereie var tatt på det tidspunkt. Fylkesrådmannen kan avkrefte at dette er tilfelle. Brevet vart oppretta i sak- og arkivsystemet 02.12.14, men innhaldet i brevet vart ikkje skriven denne dagen. Kultur- og idrettsavdelinga kan vise til at brevet vart godteken 12.01.15 (Vedlegg 1). Dato i brevet skulle difor vore korrigert frå 02.12.14 til 12.01.15. Ved en inkurie vart dette ikkje gjort.

Hbur skriv i brevet at munnlege avtaler og lovnader om UKM Hordaland 2015 er brotne. Dette står i sterkt kontrast til korleis Kultur- og idrettsavdelinga har opplevd denne prosessen med Hbur i 2014. Hbur har, med tidlegare dagleg leiar Astrid Marthinussen, vore medarrangør av UKM Hordaland i meir 20 år, utan at det har ligge føre ei skriftleg samarbeidsavtale. Hordaland fylkeskommune utforma difor ei skriftleg avtale for ein teknisk arrangør. Utkastet til avtale har vore diskutert med Hbur i to møter (7.10.14 og 4.11.14). I avtaleutkastet står det m.a. at Hordaland fylkeskommune vil stille til rådvelde ei godtgjering på 100 000 kroner til teknisk arrangør for gjennomføring av UKM fylkesmönstringa. Hbur er ikkje nemnt i dette avtaleutkastet og dette vart forklart under første møte at det også skulle vere opent for andre organisasjonar å kunne vere teknisk arrangør. Detaljar rundt avtaleforslaget vart diskutert på første møte og Hbur ville komme attende etter ei vurdering av denne. I neste møte (4.11.14) vart forslaget diskutert på ny og Hbur fremma eit krav om ei auke i honoraret på 60 %. Møtet vart avslutta med at Hordaland fylkeskommune skulle komme attende med ei tilbakemelding. Hbur stadfesta tilbodet i e-post datert 14.12.14 med ein konkret sum på 160 000 kroner. I vedlegg 2 i brevet frå Hbur («Korrespondanse i sakens anledning») viser Hbur til eposter der det fleire gongar frå Hbur vert stilt spørsmål om det er teke ei endeleg avgjerd vedrørende oppgåva som teknisk arrangør for

UKM Hordaland 2015. Styreleiar i Hbur har og kontakta ein medarbeidar i fylkeskommunen utanfor arbeidstid om dette spørsmålet. Fylkesrådmannen ser dette som ei tydeleg stadfesting av at Hbur var kjent med at Kultur- og idrettsavdelinga gjorde ei vurdering om kven som skulle få arbeidet som teknisk arrangør for UKM Hordaland 2015.

Hbur stiller spørsmål ved om fylkeskommunen har brukt dei dokumenta Hbur utarbeida, med oversikt over estimert timeforbruk og kva arbeidsoppgåver dei meinte ein teknisk arrangør vil ha med å gjere, til å hyre inn ein annan arrangør til UKM. Fylkesrådmannen kan avkrefte dette. Hordaland fylkeskommune har sjølv sagt full oversikt over dette. Ettersom fylkeskontakten for UKM Hordaland no er ein tilsett i Hordaland fylkeskommune, vil det overordna ansvaret og førebuande oppgåver i arbeidet om UKM Hordaland vere hos denne. Arbeidet som teknisk arrangør av fylkesmönstringa vil hovudsakleg vere i tidsrommet mars-april. Kultur- og idrettsavdelinga har vore i dialog med andre fylkeskontaktar i UKM Norge for å gjere seg kjent med deira løysingar kring organiseringa av UKM. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at arbeidsoppgåvene til ein teknisk arrangør, slik dei er lagt fram i avtalen, vil overstige 100 000 kroner.

Med ein samla verdi på 100 000 kroner er anskaffinga av oppdraget som teknisk arrangør av UKM Hordaland under nasjonal terskel. Saka har difor vore handsama etter del I i forskrift til lov om offentlege anskaffingar. I utgangspunktet vil det vera rett å kontakte minst tre aktørar med førespurnad om tilbod. Ved dette høvet er det to aktørar som har vore vurdert, Hordaland barne- og ungdomsråd og AKKS Bergen. Årsaka til dette er at det så langt Hordaland fylkeskommune har kunne sjå, ikkje eksisterer nokon andre aktørar innan det organiserte frivillige kulturfeltet som har ein slik unik kompetanse på arrangør- og ungdomsfeltet. Kulturutviklingsperspektivet i eit partnarskap er tungt veklagt i denne samanheng og det har difor ikkje vore aktuelt å gi eit pristilbod til kommersielle tilbydarar. Hordaland fylkeskommune vil nytte UKM Hordaland til å utvike kulturlivet og vil at UKM Hordaland skal vere til nytte for ei samarbeidspartner innan det organiserte frivillige kulturfeltet, slik at samarbeidet vil komme organisasjonen sin eigen aktivitet og deira kulturelle målsetjing til gode.

Fylkesrådmannen viser til budsjettet for 2014, post 400.725 Barne- og ungdomsarbeid, der UKM Hordaland er nemnt to gongar; «Ungdommens kulturmönstring – drift» og «Ungdommens kulturmönstring – arena». «Ungdommens kulturmönstring – drift» var eit tilskot på 179 000 kroner som Hbur har fått i godtgjersle for arbeidet med UKM Hordaland for året 2014.

UKM Norge la i 2010 fram sin strategiplan for åra 2010 – 2014. Ein del av denne planen var å skape betre forankring lokalt og i fylka – ikkje minst politisk. Som ei vidareføring av dette utarbeida UKM Norge ein samarbeidsavtale mellom UKM Norge og fylkeskommunane. Kultur- og ressursutvalet godkjente i sitt møte 06.03.12 at Hordaland fylkeskommune skulle inngå denne samarbeidsavtalen med UKM Norge (saksnr 35/12). Fylkeskommunen vart då meir direkte involvert i utviklinga av UKM, og fylkeskontaktansvaret vart overført frå Hbur til ein tilsett i Kultur- og idrettsavdelinga etter UKM-festivalen i Trondheim juni 2014.

Hordaland fylkeskommune jobbar aktivt med å vidareutvikle UKM-arbeidet og vil at Hordaland skal stå fram som eit stolt UKM-fylke. Fylkesmönstringa 2015 vil markere mykje nytt, mellom anna at arena er flytta frå Grieghallen til USF Verftet og at deltakarar kan melde seg på ulike workshops. Deltakarane skal oppleve mönstringa som ein stad å oppleve mykje fint, møte andre som likar å gjer det same, og utvikle seg. Hos ein samarbeidspartner om det tekniske arrangementet er det naudsynt at denne viser vilje til vidareutvikling, har eit aktivt kulturarbeid på feltet for barn og unge, god kapasitet og lengre erfaring med denne type arrangement. Sistnemnte er viktig med omsyn til unge arrangørar under fylkesmönstringa.

Dagleg leiar i Hbur har gjort eit godt arbeid med administrering og organisering av fylkesmønstringa for UKM Hordaland sidan 1992. Då ein i 2015 søker ein samarbeidspartner meir reint knytt til teknisk gjennomføring av sjølve arrangementet i april, ser også oppgåvene annleis ut enn dei som Hbur tidlegare har hatt. Difor har Kultur- og idrettsavdelinga veklagt noko anna kompetanse i ein samarbeidspartner enn det tidlegare har vore gjort.

Etter ei grundig vurdering vart AKKS Bergen valt som teknisk arrangør i fylkesmønstringa av UKM Hordaland i 2015. Fylkesrådmannen har lagt ved eit internt notat om denne vurderinga (vedlegg 2).

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg:

- 1: Godkjenning av brev.
- 2: Samarbeid om UKM Hordaland 2015. Vurdering.